

## Fleire tiltak må til for inneklimaet

30.04.2013

**Pålegget om utbetring av inneklimaet på skulen er ikkje oppfylt. Difor må det gjennomførast ytterlegare tiltak slik at skulen får eit tilfredsstillande inneklima. herunder luftkvalitet, konkluderer kommuneoverlegen ved miljøretta helsevern.**

**Det er no sett i drift eit mekanisk avtrekksanlegg. Forekomsten av CO2 er redusert noko, men ikkje under krava på 1000 ppm.**

Innhaldet i klasseromma Skårhaug, Englafjell, Halsatoppen og Gråfjell er over norma i store deler av undervisningstida.

Det kan sjå ut som det er lange luftingar i romma og det er ikkje tilfredsstillande for å oppnå CO2-konsentrasjon under norma. Om vinteren kan ikkje ein slik lufting anbefalast då temperaturen vert for låg.

Av Ola Matti Mathisen